
Fra: Rune Hindenes <rune@seimstrand.no>
Sendt: søndag 7. januar 2018 19:52
Til: Postmottak Lindås
Emne: Høyring av mindre endring av reguleringsplan Seim skule med utbetring av fv 402

Hei

Vi ser at denne reguleringsplanen har element i seg som vil skape svært store vanskar for vår verksemd. Planen vil redusere vårt parkeringsareal ved butikken, samt skape vanskelege og trafikkfarlege løysingar ved mottak og utlevering av varer frå vårt lager.

Vi har pr idag knapt med parkeringsplassar og med den bustadutbygginga som skjer på Seim, vil behovet for meir parkering ved butikken berre verte større framover.

Planen er etter vårt syn ikkje råd å gjennomføre utan at det vert gjort endringar på strekket som går forbi vår forretning.

Vi har gått gjennom våre innvendingar med Christian H. Reinshol fredag 5. januar 2018.

Vi har og forslag til korleis ein skal kunne gjere endringar som sikrar vårt behov framover, samt for å ivareta og etter vårt syn styrke strekninga trafikktryggleiksmessig.

Vi vil utarbeide ei enkel skisse over vårt forslag og ettersende denne i løpet av få dagar.

--

Med vennlig helsing

Rune Hindenes
Dagleg Leiar
Seimstrand AS
Tlf: 56357917
www.seimstrand.no



Virus-free. www.avg.com